

KVINNHERRAD MÅLLAG

ÅRSMELDING 2018

Styrearbeidet

Styret har hatt fem møte og handsama 20 saker. Frammøte på styremøta har vore jamt bra, og styrearbeidet har fungert bra.

I styret har vore:

Kristian Bringedal, leiar. På val.

Øystein Skjæveland, nestleiar. Ikkje på val.

Lars Børge Sæberg, kassastyrar. På val.

Gaute Lund, skrivar. Ikkje på val.

Anne Karin Fønneland, styremedlem. På val.

Vara:

Morten Nygård og Eli Roseth Eik

Medlemstal og økonomi

Det vil bli lagt fram rekneskap og annan informasjon på årsmøtet. Økonomien i laget er god og medlemstalet er stabilt. Pr. 1.2. har laget 150 medlemmer. Av desse har 129 betalt medlemspengar, mot 130 på same tid i fjor.

Aktivitet

- Målblomen 2017 gjekk til Dimmelsvik Bil AS
- Ein delte ut prisar til beste nynorskelev ved alle tre ungdomsskulane, ved personleg oppmøte i Rosendal og på Halsnøy.
- Laget hadde utsending til landsmøtet i Noregs mållag og årsmøtet i Hordaland mållag.
- Ein hadde møte med Hydro Husnes saman med Odda mållag og Ullensvang mållag.
- Ymse andre utspel har vore gjort for aktørar i næringslivet i høve målbruk.
- Laget har jamn aktivitet på facebook (ros til Lars Børge for dette) og har p.t. 285 «likarar»/følgjarar.

Februar 2019

Styret